

Morgenstund i Uskedalen.

24.02.2020



Marius Mathisen har laga denne nydelege dronefilmen av Uskedalen(Foto: Troll Toftenes)

Marius Mathisen, son av tidlegare redaktør Ola Matti Mathisen, er ein svært dyktig slagverkar, og han har opp gjennom åra spela med ulike band, og med svært mange kjende og dyktige musikarar. Han har reist svært mykje, men favorittstaden hans når han skal slappa av er utvilsamt Skansen på Neset her i Uskedalen. No har han sendt oss ein vakker video med musikk til som stadfestar dette.

Den vakre dronefilmen over bygda har naturleg nok Neset i sentrum, og stemninga vert understreka av vakker musikk, - 'Hero' laga og framført av bandet Secret Treehouse som Marius for tida brukar mykje av musikktalentet og musikktida si på. Bandet består av 5 musikarar med base i Bergen. På nyåret kom dei med singelen 'The sunrise', og etter det har svært mange nytt soloppgangen trass i at regnet stort set har hølja ned.

De finn meir om bandet på facebooksida Secret Treehouse.

Marius Mathisen er også godt kjend for lesarane våre. Det er han som har skrive dei gode og fyldige konsertanmeldelsane på Festidalen kvart år frå 2012.

Videoen kan de nyta ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Troll Toftenes